

## Møtebok for Gaular kommune

FINANSDEPARTEMENTET

0 1. OKT. 2004

04, 1847 - 222

Saksnr.

Arkivnr.

Motedato

Utvalssaksnr	Utval	Motedato
077/04	Formannskapet	23.09.04

## HØYRINGSUTTALE - SKATTEOPPKREVINGSUTVALET SI UTGREIING NOU 2004:12

Arkiv: 0 & 86  
 Saksmappe: 04/00702-1  
 Sakshandsamar: Jenny Følling  
 Dato: 27.08.2004

### Tilråding til vedtak:

Vi syner til brev av 18.06.04 til høyringsinstansane vedkomande høyring om skatteoppkrevarutvalet si utgreiing – NOU 2004:12 – Betre skatteinnkreving.

Gaular formannskap har følgjande merknader:

Formannskapet meiner skatteinnkrevinga framleis må vere ei kommunal oppgåve. Det er svært positive erfaringar med ei kommunal skatteinnkreving både med omsyn til innbyggjarne sin rettstryggleik, ei brukarvenleg skatteinnkreving, god løysingsgrad for inndrivning av skattekrav og å ta vare på lokaldemokratiet gjennom folkevald innsyn og kontroll. Dette gjer at Gaular formannskap meiner at skatteinnkrevinga framleis må vere ei kommunal oppgåve.

Sjølv om skatteoppkrevarfunksjonen er god i dag, er det viktig at mogelege forbetningspunkt vert vurderte. Formannskapet er positive til fleire av utvalet sine framlegg til funksjonelle forbetningar som er presentert i utgreiinga. Desse endringane kan gjennomførast innanfor dagens organisering, og kan bidra til å styrke ei godt fungerande skatteinnkreving. Det er likevel naudsynt med ein nærare utgreiing av dei fleste av desse forslaga.

Eit godt prinsipp er å forbetre og eventuelt omorganisere funksjonar som ikkje fungerer, men det er like viktig å ikkje omorganisere funksjonar som fungerer godt slik som dagens organisering av skatteoppkrevarfunksjonen. Det er stor usikkerheit knytt til å gjere så radikale endringar i organiseringa av skatteoppkrevarfunksjonen som fleirtalet i utgreiinga tilrår. Riksrevisjonen har gått gjennom skattefogden si innfordringsverksemd. Denne gjennomgangen tilseier ikkje på nokon måte at ei statleg skatteinnkreving er betre.

**Handsama i: Formannskapet - 23.09.2004**

J.F.

**Formannskapet sitt samrøystes vedtak 23.09.2004**

Vi syner til brev av 18.06.04 til høyringsinstansane vedkomande høyring om skatteoppkrevarutvalet si utgreiing – NOU 2004:12 – Betre skatteinnkreving.

Gaular formannskap har følgjande merknader:

Formannskapet meiner skatteinnkrevinga framleis må vere ei kommunal oppgåve. Det er svært positive erfaringar med ei kommunal skatteinnkreving både med omsyn til innbyggjarne sin rettstryggleik, ei brukarvenleg skatteinnkreving, god løysingsgrad for inndrivning av skattekrav og å ta vare på lokaldemokratiet gjennom folkevald innsyn og kontroll. Dette gjer at Gaular formannskap meiner at skatteinnkrevinga framleis må vere ei kommunal oppgåve.

Sjølv om skatteoppkrevarfunksjonen er god i dag, er det viktig at mogelege forbettringspunkt vert vurderte. Formannskapet er positive til fleire av utvalet sine framlegg til funksjonelle forbetringar som er presentert i utgreiinga. Desse endringane kan gjennomførast innanfor dagens organisering, og kan bidra til å styrke ei godt fungerande skatteinnkreving. Det er likevel naudsynt med ein nærare utgreiing av dei fleste av desse forslaga.

Eit godt prinsipp er å forbetre og eventuelt omorganisere funksjonar som ikkje fungerer, men det er like viktig å ikkje omorganisere funksjonar som fungerer godt slik som dagens organisering av skatteoppkrevarfunksjonen. Det er stor usikkerheit knytt til å gjere så radikale endringar i organiseringa av skatteoppkrevarfunksjonen som fleirtalet i utgreiinga tilrår. Riksrevisjonen har gått gjennom skattefogden si innfordringsverksemd. Denne gjennomgangen tilseier ikkje på nokon måte at ei statleg skatteinnkreving er betre.

**SAKSDOKUMENT:**

S HØYRINGSUTTALE - SKATTEOPPKREVINGSUTVALET SI UTGREIING  
NOU 2004:12

**SAKSUTGREIING:**

Fleirtalet i utvalet som har utarbeidd **NOU 2004:12 Bedre skatteoppkreving** tilrår at ansvaret for skatteinnkrevinga vert overført frå kommunane til staten.

Det kan sjå ut til at argumenta i første rekke er av prinsipiell karakter. Ei eventuell statleg skatteinnkreving er mangelfullt utgreidd i NOU 2004:12. Manglande analyser og konsekvensvurderingar gjer at effekten av ei eventuell omorganisering og sentralisering er usikker. Det er vanskeleg å finne argument for at det er noko å tene på ei statleg skatteinnkreving. Stortinget har ved fleire høve tidlegare avvist å statleggjere skatteinnkrevinga i Norge.

Høyringsfristen er 1. oktober 2004.

**Kommunen si vurdering:****Høg løysingsgrad**

Norsk skatteinnkreving er i verdenstoppen fordi kommunal skatteoppkreving greier å krevje

J.F.

inn mellom 99 % til 100 % av all utlikna skatt. Små kommunar har like gode innkreivingsresultat som store kommunar. Dette skuldast at skatteinnkreivning handlar om kommunikasjon mellom skatteoppkreivar og skatteytar. Effekten av ei statleggjing er ikkje utgreidd, og det er vanskeleg å finne argument for at det er noko å tene på ei omorganisering til statleg skatteinnkreivning.

### **God rettstryggleik**

Kommunalt ansvar for skatteinnkreivninga medfører god rettstryggleik for skattytarane ved at det er etablert eit klart organisatorisk og ansvarleg skilje mellom fastsetjing av skatten (ligninga) og innkreivninga av skatten. Avstanden mellom fastsetjing og innkreivning av skatt er slått fast som et grunnleggjande prinsipp i tidlegare utgreiingar og i Stortinget si behandling av skatteinnkreivninga. Statlege likningskontor og kommunale skatteoppkreivarkontor slik det er i dag, gjev den beste garanti for rettstryggleik.

### **Brukarvenleg**

Det er dokumentert at dei kommunale skatteoppkreivarkontora gjev god service til brukarane. Ei landsomfattande undersøking gjennomført av Norsk Gallup i 2002 dokumenterer at dei kommunale skatteoppkreivarkontora skårar vesentleg betre enn dei statlege skattekontora når det gjeld å vere tilgjengeleg, kundebehandling, saksbehandlingstid, informasjon og forutseibar saksbehandling. Ei eventuell statleggjing og sentralisering av skatteinnkreivninga vil såleis føre til dårlegare tilgang til offentlege tenester i lokalmiljøet.

### **Kommunalt økonomisk sjølvstyre**

Kommunalt ansvar for skatteinnkreivninga bidreg til å oppretthalde det kommunale økonomiske sjølvstyre. Det er avgjerande for eit levedyktig, lokaldemokrati å kunne påverke eige inntektsgrunnlag. Det skal vere ein positiv samanheng mellom den økonomiske utviklinga i lokalt næringsliv og nivået på offentlege budsjett. Forslaget om å innføre selskapskatt som ei kommunal inntektskjelde att er eit eksempel på tiltak som "er meint å etablere" ein positiv økonomisk samanheng mellom lokalt næringsliv og kommune. Dersom ansvaret for innkreivninga vert overført til staten og kompetansen på innkreivning i kommunane dermed fell bort, vert kommunane sine høve for å påverke sitt inntektsgrunnlag redusert.

### **Folkevald innsyn og kontroll**

Kommunalt ansvar for skatteinnkreivninga gjev grunnlag for folkevald innsyn og kontroll blant anna gjennom skatteutvalet. Ei eventuell statleggjing og sentralisering vil medføre eit "lukka" system med store statlege sektorkontor og reduserte høve for folkevald innsyn.

### **Effektiv drift og ressursbruk pga synergieffektar**

Kommunalt ansvar for skatteinnkreivninga medfører effektiv drift- og ressursbruk ved at innkreivning av skatt vert gjort i det miljø som gjennomfører kommunen si innkreivning av kommunale avgifter og kommunal fakturering. Dermed blir det også mogeleg å oppretthalde levedyktige miljø for innkreivning også i dei små kommunane.

### **Distriktpolitiske omsyn**

Kommunalt ansvar for innkreivning av skatt har positive distriktpolitiske ringverknader. Dagens desentraliserte struktur opprettheld arbeidsplassar i utkantstrøk. Det inneber også at lokalt næringsliv har kort veg til ein av dei viktigaste, offentlege samarbeidspartane. Ei eventuell statleg overtaking vil medføre sentralisering og ein reduksjon av kontor med ¼ av i dag, noko som vil ha negative distriktpolitiske konsekvenser.

**Dagens skattebetaling fungerer godt**

Den tilrådte statlege organisasjonsmodellen inneber at dagens skattebetalingsordning vert erstatta av statleg tvangsinnfordring. Det er lagt opp til ein eigen instans for tvangsinnfordring. Skattytarane vil oppleve stigmatisering ved at frivillig betaling og tvangsinnkreving vert skilde frå kvarandre og plassert i ulike organisasjonar.

**Statlig innkrevjing vil medføre betydelege overgangskostnader**

Statleg skatteinnkreving vil medføre store overgangskostnader. Det skal etablerast nye kontor med dei etablerings-, drifts- og planleggingskostnader dette medfører. Innsparingar på kommunal side ved å fjerne nokon få tilsette i kvar kommune, som normalt har kontorfellesskap og funksjonar med den kommunale administrasjon/økonomifunksjon, blir minimale. Tilsetjing, opplæring og kompetanseoppbygging for nye skatteoppkrevarar vil medføre en stor utfordring. Eit forsiktig anslag tilseier eit provenyrtap på 5 mrd kroner over en 3-års periode dersom skatteinnkrevjinga vert statleg.

**Utskrift sendast:**

Finasdepartementet, Skattelovavdelinga  
Postboks 8008 Dep 0030 OSLO

Rett utskrift,

Sande den 24.09.04

*Hilde Antonsen Eide*

Hilde Antonsen Eide

sekretær